



Årsmelding 2017

BANKSJEFEN HAR ORDET	side	4
NØKKELTAL	side	5
ÅRSMELDING FRÅ STYRET	side	6
Generelt	side	6
Strategiplan 2017–2020	side	6
Eigarstyring og selskapsleiing	side	6
Utvikling i norsk og internasjonal økonomi 2017	side	6
Global utvikling	side	6
Norsk økonomi	side	7
Sparebankane i Noreg	side	8
Lokalt næringsliv 2017	side	8
Sparebank 1 Lom og Skjåk sitt næringslivsfond	side	8
Reiseliv	side	8
Landbruk	side	9
Transport	side	9
Industri	side	9
Bygg, anlegg og entreprenørar	side	9
Varehandel	side	10
Samfunnsengasjement	side	10
Aktivitet gjennom året	side	11
Rekneskapen	side	13
Framleis drift	side	13
Resultatrekneskapen	side	13
Forslag til disponering av overskot	side	13
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter	side	14
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	side	14
Driftskostnader	side	14
Balansen	side	14
Forvaltningskapitalen	side	14
Utlån og garantiar	side	14
Verdsetjing av utlån	side	14
Innskot	side	15
Verdipapir	side	15
Eigenkapital og kapitaldekning	side	15
Innskot målt mot utlån	side	15
Funding elles	side	15
Intern kontroll og risikostyring	side	15
Generelt	side	15
Pilar II og CRD-IV	side	15
Operasjonell risiko	side	16
Kredittrisiko	side	16
Valutarisiko	side	16
Rente-/kursrisiko	side	16
Likviditetsrisiko	side	16
Strategisk risiko	side	16
Tilsette	side	17
Personalet	side	17
Likestilling	side	17
Arbeidsmiljø	side	17
Diskriminering	side	17
Ytre miljø	side	18
Energi- og klimarekneskap 2017	side	18
Sparebank 1 Gruppen og Banksamarbeidet	side	21
Om Sparebank 1 Gruppen	side	21
Om Banksamarbeidet DA	side	21
SpareBank 1 Betaling (Vipps)	side	22
Eiendomsmegler 1 Lillehammer og Gudbrandsdal AS	side	23
Lom og Skjåk Sparebanks Næringslivsfond	side	23
Framtida	side	23
Takk til forretningskontaktar, tillitsvalde og tilsette	side	24
RESULTATREGNSKAP	side	25
BALANSE	side	26
KONTANTSTRØMOPPSTILLING	side	27
NOTER	side	28
REVISORS BERETNING	side	54
ERKLÆRING FRÅ STYRET	side	56
GENERALFORSAMLING OG TILLITSVALDE PR. 31.12.2017	side	57
HISTORISK REKNESKAP 1874 - 2017	side	58



2017 var mitt første heile år som adm. banksjef for SpareBank 1 Lom og Skjåk, og det har vore eit godt og aktivt år for banken. SpareBank 1 Lom og Skjåk har gjennom mange år hatt ei god utvikling, og vi har skapt fokus internt for å oppretthalde ei god utvikling i framtida. Dette er òg særst viktig i ei tid der både rammevilkår, kundar og marknad endrar seg stadig raskare. Vi må ha evne og vilje til å gjera våre endringar, for å sikre dei gode kundeopplevingane i tida framover. Vi må framleis ha fokus på god resultatutvikling, for å kunne møte dei regulatoriske krava i finansbransjen og sikre at lokalbanken kan vera sjølvstendig òg i framtida.

Ved utgangen av 2017 er det 54 tilsette i SpareBank 1 Lom og Skjåk, og vi har i 2017 rekruttert inn fleire nytilsette med god og variert utdanning og kompetanse. I banken har vi i dag tilsette med god fordeling av kjønn, alder, erfaring og bakgrunn, og dette er viktig for å sikre ei god organisasjonsutvikling. Ved årsskiftet er det igangsett rekrutteringsprosess til to nye stillingar.

SpareBank 1 Lom og Skjåk har sitt primær-område i fem av dei seks norddalskommunane; Skjåk, Lom, Vågå, Lesja og Dovre. Vi har fullservice-kontor i Skjåk, Lom, Vågå og på Dombås, og meiner det òg i tida framover vil vera viktig for den lokale sparebanken å ha kontor i lokalmarknaden. Bankkunden ønskjer å kunne velja å ha kontakt med banken ved fysisk kontakt, pr. telefon eller digitalt. Det er kunden sitt val og vi må leggje til rette for at dette fungerer optimalt i alle kanalar. Vi har hatt god tilflyt av nye kundar i 2017, både i primærområdet vårt og elles i landet.

Vi ønskjer å støtte opp om lokalsamfunnet og bidra til finansiering av arbeidsplassar slik at det i tida framover òg skal vere attraktivt å bu i Nord-Gudbrandsdalen. Det er mange flinke og dyktige bedriftseigarar og -drivarar innan mange ulike bransjar i Norddalen. Vi ønskjer å synleggjera dette, og lanserte dermed rett før jul vår første runde med omdømmekampanjen #jælmabegeistra. Vi meiner at det er viktig å samarbeide, veraause og unne kvarandre å lykkast – dette skapar stoltheit!

I 2017 hadde vi den fyrste utdelinga av Talentstipend frå SpareBank 1 Lom og Skjåk, og vi fekk inn 40 søknader frå ungdom i alderen 15–25 år innan kultur og idrett. Vi har utruleg mykje flott ungdom i Norddalen, og desse må vi støtte og heie på i tida framover! Dette er framtida vår og det er dei som skal drive utviklinga i Norddalen vidare!

SpareBank 1 Lom og Skjåk legg fram eit godt årsresultat for 2017, med eit overskot etter tap og skatt på 88,2 mill. kroner. Den underliggende drifta har vore god, og det har i 2017 òg vore høge ekstraordinære inntekter og utbetalt høge utbytte. I 2017 hadde banken ein rentenetto på 1,95 %, og auka provisjonsinntekter. Banken hadde som dei siste åra låge tap, og desse utgjorde 4,4 mill. kroner.

Forvaltningskapitalen er ved utgangen av 2017 på 7,1 mrd. kroner inkl. lån overført til Sparebank 1 Boligkreditt og valutalån. Eigenkapitalen er 758 mill. kroner og utgjør 13,58 %.

Det gode resultatet i SpareBank 1 Lom og Skjåk i 2017 er skapt av alle dei tilsette i banken, og utan godt samarbeid og god innsats frå den enkelte, hadde dette ikkje vore mogleg. Takk til dykk alle for god innsats i 2017. Vi skal saman sikre god utvikling i tida som kjem!

Eg vil takke kundane, samarbeidspartnarane, styret og dei tillitsvalde for 2017 og ønskjer alle eit godt år i 2018.

Unni Strand
adm. banksjef

Tal i tusen kroner	2017	2016	2015	2014	2013
Forvaltningskapital	5 581 965	5 213 827	4 879 769	4 643 958	4 187 461
Overført til Boligkreditt (BK)	1 390 274	1 248 873	1 024 664	818 147	845 495
Garantiar for valutalån (VL) - pålydande	158 561	150 964	189 498	261 547	253 915
Forvaltningskapital inkl. BK og VL	7 130 799	6 613 664	6 093 931	5 723 652	5 286 871
Brutto utlån (til kundar)	4 625 708	4 494 645	4 114 448	3 910 871	3 426 410
Brutto utlån (til kundar) inkl. BK og VL	6 174 543	5 894 482	5 328 610	4 990 565	4 525 820
Innskot frå kundar	4 007 048	3 784 583	3 398 765	3 176 677	2 809 162
Resultat underliggjande drift eks. tap	56 882	63 538	50 210	47 045	49 925
Tap på utlån	4 427	3 040	-1 420	10 710	19 326
Resultat underliggjande drift inkl. tap	52 456	60 498	51 630	36 335	30 599
Resultateffekt frå verdipapir	8 597	17 848	-2 832	15 520	27 379
Resultat før skatt	103 710	100 218	55 598	75 973	57 977
Resultat etter skatt	88 221	84 504	39 845	63 229	47 561
Eigenkapital	758 096	670 389	590 133	560 479	497 750
Rentenetto	1,95 %	2,09 %	1,98 %	1,91 %	2,02 %
Provisjon og gebyr i % av gj. forv.kapital	0,67 %	0,63 %	0,68 %	0,76 %	0,80 %
Driftskostnader i % av gj. forv.kapital	1,54 %	1,42 %	1,58 %	1,58 %	1,55 %
Driftskostnader i % av sum driftsinntekter, eks. verdipapir	45,72 %	45,77 %	57,15 %	49,65 %	50,74 %
Tap i prosent av brutto utlån	0,10 %	0,07 %	-0,03 %	0,27 %	0,56 %
Avsetning til tap i % av brutto utlån	0,67 %	0,61 %	0,82 %	1,11 %	1,28 %
Misleghaldsprosent	0,52 %	0,32 %	1,07 %	1,72 %	2,78 %
Eigenkapitalandel i balanse	13,58 %	12,86 %	12,09 %	12,07 %	11,89 %
Eigenkapitalavkastning før skatt	14,43 %	15,88 %	9,67 %	14,24 %	12,04 %
Kapitaldekning	20,85 %	18,03 %	17,23 %	17,82 %	19,91 %
Kjernekapitaldekning	19,61 %	17,66 %	16,51 %	17,15 %	19,91 %
Rein kjernekapitaldekning	19,61 %	17,66 %	16,51 %	17,15 %	15,19 %
Utlånsvekst (eks. tapsavsetningar)	2,92 %	9,24 %	5,21 %	14,14 %	2,84 %
Utlånsvekst inkl. BK og VL	4,75 %	10,62 %	7,18 %	9,89 %	6,34 %
Innskotsvekst	5,88 %	11,35 %	6,99 %	13,08 %	10,17 %
Innskot i % av utlån	86,63 %	84,20 %	82,61 %	81,23 %	81,99 %
Endring forvaltningskapital	7,06 %	6,85 %	5,08 %	10,90 %	7,12 %
Brutto utlån næring	39,74 %	40,75 %	41,58 %	41,13 %	39,37 %
Brutto utlån privat	60,53 %	59,25 %	58,42 %	58,87 %	60,63 %
Tal på tilsette	54	52	50	49	46
Tal på årsverk	53	50	48	47	44

Valutalåna er frå 2016 oppgjeve i saldo NOK i staden for pålydande. Låna er rekna om til saldo tidlegare år.

Generelt

Banken vart stifta i 1873.

Det er avgjerande at banken er ein kundeorientert, sjølvstendig og attraktiv sparebank med lokal forankring. Sparebank 1 Lom og Skjåk skal vera ein kostnadseffektiv bank og skal gjennom alliansen med SpareBank 1 Gruppen ta ut dei fordelane samarbeidet gjev på produkt, innkjøp, utvikling og kompetanse. Banken skal gjennom alliansen skaffe, selje og levere finansielle tenester og produkt og ta ut stordriftsfordelar i form av lågare kostnad og/eller høgare kvalitet slik at kundane får den beste rådgevinga og de beste tenestene til konkurransedyktige vilkår. Vi har hovudkontor i Lom og avdelingskontor i Bismo, Vågå og på Dombås.

Strategiplan 2017-2020

Styret vedtok i november 2016 strategiplan for perioden 2017–2020. Strategiplanen skal legge føringar for banken sine strategiske val, prioriteringar og risikonivå i planperioden. SpareBank 1 Lom og Skjåk skal utvikle seg frå ein tradisjonell lokalbank til ein moderne lokalbank med tradisjonar i 2020. Det blir nå arbeidd med delstrategiar og handlingsplaner for det enkelte område i banken.

Rammevilkåra for bankverksemd er i stadig utvikling. Dei regulatoriske krava frå styresmaktene blir strengare, åtferda til kunden er i endring, utviklinga av mobile og nettbasert løysingar skjer fort, og konkurransen i marknaden med marginpress er krevjande. I 2018 får vi PSD2, som vil kunne føre med seg andre konkurrentar enn ordinære finansinstitusjonar slik vi kjenner desse i dag. Dette vil vera krevjande men òg kunne gje oss nokre nye moglegheitar. Sjølv om banken har hatt god drift, må det gjerast strategiske vegval for å sikre vidare utvikling av ein framtidsretta, robust og sjølvstendig bank.

Eigarstyring og selskapsleiing

SpareBank 1 Lom og Skjåk har utarbeidd eigne retningslinjer for eigarstyring og selskapsleiing. Retningslinjene skal sikre tillit til styret og leiing og leggje grunnlaget for langsiktig verdiskaping

til beste for banken, tilsette og andre interessentar. Retningslinjene vart evaluerte av styret den 25.10.2013, og det var ikkje gjort vesentlege endringar.

Utvikling i norsk og internasjonal økonomi i 2017

Global utvikling

Verdsøkonomien viste i 2017 klare teikn på auka optimisme og sterkare vekst. Aktiviteten hjå fleire av dei sentrale handelspartnarane til Noreg tok seg opp og arbeidsløysa fall i fleire land til eit lågare nivå enn i perioden før finanskrisen. I tillegg såg vi ein høgare investeringsvekst og ein framleis sterk forbruksvekst. Utviklinga har vore støtta av ein svært ekspansiv pengepolitikk som har inkludert utradisjonelle tiltak i form av verdipapirkjøp, i mange land. Det låge rentenivået må sjåast i samanheng med ein prisvekst som har halde seg låg. I takt med at aktiviteten har auka, har sentralbankane i fleire land starta utfasinga av dei ekstraordinære tiltaka, og også heva styringsrenta enkelte stader.

USA var eit av landa som var tidleg ute med rentekutt og verdipapirkjøp (kvantitative lettar) for å stimulere til auka økonomisk aktivitet etter finanskrisen. Tiltaka har hatt ønska effekt og i 2017 auka veksten, medan arbeidsløysa vart ytterlegare redusert. Den aukande aktiviteten førte til tre rentehevingar frå den amerikanske sentralbanken FED gjennom året, samstundes som det vart sett i verk ein gradvis nedskalering av balansen til sentralbanken. Den pengepolitiske innstramminga vil i nokon grad kunne bli motverka av skattereformen som vart vedteken mot slutten av året.

I Eurosonen heldt betringa i den økonomisk aktiviteten fram. Veksten ende truleg på det



høgaste nivået sidan før finanskrisen. Framgangen var breitt basert med auka inntektsvekst og sterkare framtidstru som igjen påverka forbruk og investeringsnivå i ei positiv retning. Prisveksten steig noko, men utviklinga var ikkje tilstrekkeleg sterk til at den europeiske sentralbanken gjorde endringar i den ekspansive pengepolitikken. Likevel vart det annonsert at verdipapirkjøpsprogrammet nå vil bli trappa ned. Verdipapirkjøpa vil etter planen bli avslutta hausten 2018 dersom økonomien ikkje opplever ytterlegare attendeslag.

Situasjonen i framveksande økonomiar tok seg også opp gjennom fjoråret. Veksten ende samla sett på 4,5 prosent. Årsaka til framgangen skuldast i stor grad positiv utvikling i dei råvareeksporterande økonomiane. Kina stod for eit solid bidrag med ein vekst i overkant av 6 prosent. Veksten i Kina blir tilskriven ekspansiv finanspolitikk og høg aktivitet i bustadmarknaden. Det er fleire tilhøve som dreg i retning av at veksttakten i Kina vil bli noko lågare framover.

Norsk økonomi

Aktiviteten i fastlands-Noreg tok seg opp i 2017 etter eit 2016 med den svakaste veksten sidan finanskrisen. Veksten vart om lag dobla, til i underkant av 2 prosent. Dette ligg tett opptil den årlege veksttakten som Noregs Bank forventar dei næraste åra.

Bustadinvesteringane har vore ein av dei sentrale bidragsytarane til auka vekst. Som følge av sterk prisutvikling i bustadmarknaden over fleire år, og særleg i 2016, vart det igangsett bygging av mange bustader i 2017. I januar 2017 kom det eit omslag i bustadmarknaden. Prisendringen var særleg markant i Oslo, der prisane også hadde auka kraftig mot slutten av 2016. Trass i omslaget ende årsveksten i bustadprisane i Noreg på 5,7 prosent. Nedgangen frå byrjinga

av året falt saman med avgjerda til styresmaktene om å føre vidare og å stramme til bustadlånsforskrifta. Det er grunn til å anta at omslaget i marknaden vil kunne påverke bustadbygginga i åra framover.

Fallet i oljeprisen har bremsa veksten i norsk økonomi dei seinare åra, med påfølgande fall i oljerelaterte investeringar. Gjennom 2017 tok oljeprisen seg opp med om lag 10 USD per fat. Samstundes har nedgangen i aktiviteten medført ein rekke tiltak som har redusert kostnadene i sektoren. Oljeinvesteringane har truleg flata ut og vil auke i tida framover. Med forventningar om høgare investeringar også i andre bedrifter ventar vi ein positiv impuls frå realinvesteringar for økonomien framover.

Positive utsikter, betring i reallønnsvekst og eit framleis lågt rentenivå ga grunnlag for ein god forbruksvekst i hushaldningane i 2017. Dette gjaldt særleg forbruk av tenester. Hushaldningane har auka gjeldsbelastninga ytterlegare og er utsett for endringar i rentenivået dersom andelen av bustadlån med flytande rente er høg. Arbeidsmarknaden betra seg gjennom året målt både ved arbeidskraftsundersøkelsen (AKU) og registrert arbeidsløysa hjå NAV.

Arbeidsløysa var i november 2017 på 4,1 %. Prisveksten, målt ved konsumprisindeksen (KPI), vart betydeleg redusert i 2017, etter å ha nådd ein topp på 4,4 % sommaren 2016. Den relativt høge prisveksten i 2016 var i stor grad ein konsekvens av at den norske krona hadde falle i verdi, med påfølgande prisvekst på importerte varer. I 2017 minka denne effekten og prisveksten vart redusert til i overkant av 1 prosent, eit nivå godt under styringsmålet for pengepolitikken på 2,5 prosent.

Betring av situasjonen i norsk økonomi gjennom fjoråret var ikkje av ein slik grad at Noregs Bank ynskte å heve styringsrenta frå 0,5 prosent. Sentralbanken la vekt på at ein bør gå varsamt fram i rentesettinga, men at den første rentehevinga ikkje er langt unna dersom norsk og internasjonal økonomi utviklar seg som venta.

Finanspolitikken bidrog også i ekspansiv retning i 2017. Det strukturelle, oljekorrigerte underskotet, som måler den underliggjande pengebruken av oljeinntektene, auka til 220 milliardar



kroner. Målt som del av trend-BNP for Fastlands-Noreg innebar dette ein vekstimpuls i økonomien på 0,4 prosent. I høve til kapitalen i Statens pensjonsfond utland (oljefondet) utgjorde underskotet 2,9 prosent i 2017, en tidel lågare enn handlingsregelen. Regelen vart i 2017 redusert frå 4 til 3 prosent for å reflektere ein lågare forventta realavkastning frå oljefondet (Statens Pensjonsfond Utland), noko som isolert sett talar for lågare innfasing av midlar frå oljefondet i norsk økonomi.

Sparebankane i Noreg

Norske sparebankar er ei sterk, effektiv og veldreven næring. Den utgjer ein heilt naudsynt del av infrastrukturen og opererer i nært fellesskap med lokalsamfunna rundt seg. Kjennskap til lokalmarknaden og kompetansen til medarbeidarane gjev sparebankane eit konkurransefortrinn i marknaden.

Talet på sparebankar i Noreg vart redusert frå 103 til 100 i 2017.

Lokalt næringsliv i 2017

Utlåna til bedriftskundar har vakse med ca. 3,7 % frå 2016 til 2017. Vi har då korrigert for at ein del kundar har vorte omdefinert frå å vera landbrukskundar til å bli privatkundar, då desse har største delen av inntekta si utanom garden. Samla utgjer dette ca. kr 90 mill. i utlån. I tillegg har vi hatt to større byggelån som har vorte innfridd gjennom året.

Innskota frå næringskundar har auka med kr 39,3 mill. medan innskot frå kommunane har gått noko ned.

SpareBank 1 Lom og Skjåk er godt tilfredse med utviklinga. Spesielt gledeleg er det at veksten i både utlån og innskot frå bedriftskundar i Lesja og Dovre held fram.

Talet på fritidsbustader i kommunane våre varierer mykje. Lom har noko under 300, Skjåk ca. 700, Dovre ca. 800, Vågå litt over 1 000 og Lesja på topp med godt over 2 000 fritidsbustader. I Lesja er godt over 60 % av alle bustader fritidsbustader. Alt dette i følge statistikk frå Oppland fylkeskommune. Vi meiner at fritidsbustader gjev positive ringverknader for kommunane i byggeperioden, men og ettertid, da dette er befolkningsgrupper som brukar mykje tid på hytta og i tillegg er kjøpesterke.

Talet på nyetableringar heldt seg stabilt høgt med totalt 74 for 2017. Konkursar er det heldigvis få av med totalt 7 for året 2017.

Sparebank 1 Lom og Skjåk sitt næringslivsfond:

SpareBank 1 Lom og Skjåk sitt næringslivsfond gjev kvart år økonomisk stønad som skal fremje næringsutvikling blant næringskundane i marknadsområdet til banken. Grunnkapitalen i fondet er kr 4 mill., og avkastninga har kome banken sine næringskundar til gode etter utlysing og søknad. Renta dei seinare åra har vore låg, og dermed har mindre gått til utdeling. Det vart derfor i 2017 gjort endringar i vedtektene til fondet slik at delar av grunnkapitalen nå kan delast ut. Styret i fondet har nå høve til å dele ut kr 250 000,- kvart år i tilskot etter søknader til fondet.

Tildeling frå fondet blir utlyst ein gong i året – vanlegvis litt utpå vinteren så fylg med på heimesida vår og annonsar i avisa.

Reiseliv

Det er dessverre noko ufullstendig statistikk for 2017 ennå, da vi ikkje ser alle kommunane kvar for seg. Bjørnstadhaugen og Wedum i Nasjonalparkriket Reiseliv og Visit Jotunheimen seier både at det har vore ein jamt god sesong lokalt, men noko lågare vekst enn dei siste åra.

I statistikken ser vi at Lom har auka kommersielle overnattingar med 4,9 % for dei 11 første månadane i 2017 samanlikna med 2016. Tala for Nord Gudbrandsdal samla er på 0,6 %,

Etableringar og konkursar i regionen 2017 (2016)					
	Lom	Skjåk	Vågå	Dovre	Lesja
Etableringar	12 (10)	7 (7)	29 (25)	15 (24)	11 (9)
Konkursar	0 (0)	4 (0)	2 (2)	1 (1)	0 (3)

medan Oppland har ein nedgang på 6 %. Norge har ein samla vekst på 0,4 %. Dette bekreftar det Wedum og Bjørnstadhaugen seier.

Reiselivet er ein særskild viktig aktør og saman med landbruk truleg dei to viktigaste næringane vi har når vi reknar talet på sysselsette.

Landbruk

Landbruket er ein viktig bærebjelke i det lokale næringslivet. I løpet av dei siste ti åra er bruk som søker om produksjonstilskot i Lesja, Dovre, Vågå, Lom og Skjåk, redusert med 186. Vi registrerar heldigvis at investeringslysta i landbruket framleis er til stades i Nord-Gudbrandsdalen. Også i 2017 er det bygd fleire driftsbygningar til storfe – både mjølke- og kjøtproduksjon. Vi ser også at fleire avviklar mjølkeproduksjon, og at mange av dei som avviklar, startar med ammeku i eksisterande bygningsmasse. Det er også noko nybygg til ammeku.

Det er underdekninga av storfekjøt i marknaden, og det ser ut til å halda fram ei stund til. Prisane på mjølkekvote ved både sal/kjøp og utleige/leige har auka betrakteleg det siste året. Utover storfeproduksjon er kjøtproduksjon av sau den største landbruksnæringa i Nord-Gudbrandsdalen. Her ser vi at det er overproduksjon i marknaden, og at prisane til brukar i 2017 har vore lågare enn dei siste år.

Transport

Talet på aktørar i transportbransjen ser ut til å vera stabilt i distriktet vårt. Det er hard

konkurranse også i denne bransjen og dei lokale merkar sjølvstøtt også dette. Dei lokale leverer etter vår meining god kvalitet og service, og har gjennomgåande høg standard på materiell. Stabile og gode sjåførar er også viktig og er med og gjer at dei lokala hevdar seg i konkurranse med andre. Det er også god etterspurnad etter både lån og leasing hjå oss i banken.

SpareBank 1 Lom og Skjåk har, så langt vi har sett, også inntrykk av at det er tilfredsstillande både aktivitet og resultat innan transport.

Industri

Industrien sysselset frå 2 % (Vågå) til 11 % (Skjåk) av arbeidsstokken i banken sitt marknadsområde. Industribedriftene i norddalen har halde fram veksten frå i fjor, og fleire har gjort større investeringar for å sikre vidare utvikling av verksemdene. Bedriftene har vore flinke til å tilpasse seg marknaden, og har jamt over god ordretilgang, ordreservar og lang-siktige oppdrag.

Vi reknar med at ein industriarbeidsplass bidreg til tre andre arbeidsplassar lokalt, så denne næringa fører til store, positive ringverknader.

Bygg, anlegg og entreprenørar

Som dei fleste næringsaktørane våre er òg entreprenørane avhengige av lokal aktivitet. Denne næringa er kanskje den som merkar dette best. Skjåk ungdomsskule og lokal kraftutbygging i regi av AS Eidefoss har òg i 2017 vore viktige og store kundar i bransjen.



Nedre Otta kraftverk.

Varehandel

Det har dei siste åra vore stor auke i talet på turistar. Dette gjer og at lokal varehandel har hatt og har gode omsetningstal. Sommarsesongen er ein svært stor del av omsetnaden for mange bedrifter. Enkelte lokale aktørar har over 30 % av den totale omsetnaden i juli. Dei omsetningstala SpareBank 1 Lom og Skjåk har sett så langt, syner ein svak auke i omsetnaden.

Samfunnsengasjement

Banken si rolle for å bidra attende til lokal-samfunnet, blir slik vi ser det meir og meir viktig. Det å ha ein lokalbank i dei små bygdene våre er inga sjølvfølge. Banken må drive godt og gjere seg attraktiv for både bedrifter og person-kundar. Vi er veldig takknemlege overfor alle som brukar oss og som set dei lokale verdiane høgt i val av bank.

SpareBank 1 Lom og Skjåk skal vera ein god, finansiell samarbeidspart for å oppretthalde og skapa arbeidsplassar i distriktet. For banken er det særskilt viktig at vi nyttar alle høve til å handle lokalt, om det er mat, klede, kjøpe lokalavisa eller bruke banken sine tenester. Dette er med på å halde oppe arbeidsplassar og leggje grunnlag for nye vi sårt treng.

Det å gje attende til lokalsamfunnet, er noko av det viktigaste banken kan gjera. Kvart år bidreg banken med store beløp som sponsormidlar og marknadsføring. Vi deler også ut gåver til lag og foreiningar innan lokalt idretts- og kulturliv. I tillegg delte vi hausten 2017 for første gong ut Talentstipend, der til saman kr 360 000 vart gjeve ut til talentfull ungdom i alle dei 5 norddalskommunane.

SpareBank 1 Lom og Skjåk sitt næringslivsfond gjev også kvart år økonomisk stønad som skal fremje næringsutvikling blant kundane til banken. Som ledd i arbeidet mot korrupsjon og kvitvasking følgjer banken retningslinene til Finans Norge ved etablering av kundeforhold og utferding av banklegitimasjon.

Banken si behandling av likestilling, diskriminering, arbeidsmiljø og påverknad på ytre miljø, er nærare beskriven lenger ute i årsmeldinga.



Skisamarbeid i norddalen på Sognefjellet.



Opning av ny kunstgrasbane i Vågå.



Talentstipend 2017.



Dovringane Johanne Killi, Per Anders Håvelsrud og Marie Olsen-Bye fekk dei tre største talentstipenda frå Sparebank!

Aktivitet gjennom året

SpareBank 1 Lom og Skjåk oppnådde eit godt resultat i 2017 (sjå tidlegare tabell og seinare omtale under resultatrekneskapen). Dette skuldast stor aktivitet innanfor tradisjonelle banktenester. Vi fekk gode inntekter frå sal av forsikringsprodukt, betalingsformidling og utbytte frå strategiske aksjeinvesteringar.

Aktiviteten ved kontora våre i Lom, Skjåk, Vågå og på Dombås var høg også i 2017. Vi er totalt 54 tilsette i banken.

Bankmarknaden er prega av store endringar, drivne av nye krav frå styresmaktene, nye ukjente konkurrentar og digitalisering av banktenester. Når endra kundeåttferd og nedgang i bruk av kontorkanalen skjer, skal SpareBank1 Lom og Skjåk endre seg i takt med desse, slik at vi skal tilby kundane våre det dei treng til kvar tid. Vi skal vinne marknadskampen med å tilby dei digitale kundane våre dei enklaste digitale løysingane i bransjen. Kundane våre har, og skal ha, den beste handsaminga uansett kva for kanal dei kontaktar oss i, om det er i kontor-kanalen, på telefon, e-post eller om dei ønskjer å vera sjølvbetente.

Sparebank 1 Lom og Skjåk ønskjer å legge til rette for at dei kundane som vil det, skal kunne ta i bruk sjølvbetente løysingar. Dei nye produkta som blir utvikla i bankbransjen i dag, rettar seg hovudsakleg mot at kundane skal kunne ordne ting sjølve, rett og slett fordi det er dette kundane etterspør. Da er det viktig at dei tilsette i banken tek i bruk slike løysingar sjølve, for å kunne yte den nødvendige servicen til kundane våre slik den digitale utviklinga krev.

2017 heldt fram med stort lokalt engasjement, når det gjeld arrangement og tilstellingar i bygdene våre. Banken var også i 2017 sponsor på ei rekke ulike arrangement, noko vi er sær glade for å kunne vera med å bidra på. Vi ønskjer å heie fram alle dei gode tiltaka, alle dei som ønskjer å få til noko på heimlassen sin, alle som vil bidra og vil skape noko for mangfaldet. Vi har så mange flinke, både frivillige som har gjort ein enorm innsats over mange, mange år og nye, unge eldsjeler som vil gje attende til heimlassen sin, gje av kunnskapen sin og gjera ein forskjell for alle oss som bur her.



Årets Ottadøl 2017 Tor Olav Mundal kåra av Fjuken og Sparebank 1 Lom og Skjåk.



Ungdomens Kulturmønstring.



Ungdomsmusikal. Stian Høglien, Lars Bakke og Ole Aasaaren.



Traktorrock Vågå.



Heilt på starten av året heia vi fram to store, unge talent frå Dombås, to som har utmerka seg utruleg i ein særskilt krevjande idrett. Både Johanne Killi på friski og Marcus Kleveland på snowboard har utmerka seg blant av verdas beste både nasjonalt og internasjonalt i X Games.

På vårparten var det klart for å offentleggjera den neste ungdomsmusikalen i Nord-Gudbrandsdalen, Riverland som er bygd på Amerikabrevet, skrive av Lars Bakke frå Lom! Ungdommen vår er noko av det viktigaste vi har og som vi kan vera med å støtte. Det er dei som skal bu og etablere seg her, det er hjå dei vi må skape begeistring og stoltheit til Gudbrandsdalen. SpareBank 1 Lom og Skjåk er hovudsponsor for musikalen 2018 saman med SpareBank 1 Gudbrandsdal!

Det har allereie gått 5 år sidan vi opna kontor på Dombås, og det har vore stor suksess. Det var verkeleg motstraums å opne kontor når andre la ned. Banken hadde trua og det viste seg at det var rett. Dette hadde vi ikkje klart utan fantastiske tilsette, og fantastiske kundar som gav oss tillit. Vi ser fram til å samarbeide enda tettare både med private, næringslivet og kommunane heilt nørdest i Nord-Gudbrandsdalen.

Det har nærast vorte ein tradisjon å få invitere skitalenta våre frå skisamarbeidet i Nord-Gudbrandsdalen til Sognefjellet at dei kan få møte dei store heltane sine når skilandslaget har den årlege samling si der. Det er kjekt å sjå iveren og motivasjonen som ligg i ungdommen når dei møter heltane sine, ser dei i aksjon og til og med får vera med dei ut i løypene på trening. Vi er heldige som har moglegheit til å stille til noko slikt for dei unge talenta våre.

Inn i sommarmånadane var banken med på stand både på Fjordingsmartnan og på Traktorrock i Vågå. Det er viktig å få vera ein del av det som skjer, møte publikum og kundar til både bankprat og andre fine diskusjonar.

I september fekk vi vera med på opninga av ny kunstgrasbane på Halland i Vågå. Dette har vore etterlengta og frigjer mykje tid og plass i hallen. Fleire får trene og det gjev moglegheiter for større arrangement utandørs. Banken har bidrege med eit betydeleg beløp for å få realisert banen. Det er utruleg viktig at enda fleire får trene og at mange får trene meir enn før. Noko av det viktigaste sponsormidlane frå banken blir brukt til, er å leggje til rette for mest mogleg aktivitet.



Banken avslutta året på ein heilt spesiell måte. Det var tradisjonen tru julelunsj med næringskundar på Fossheim. Denne gongen var det ikkje 70 personer, slik det brukar, men det var heile 120 til bords. Til og med pressa var til stades. Denne gongen var det ikkje berre lunsj som skulle serverast, det var nemleg lansering av banken si første, store lokale kampanje; omdømme-kampanjen! Denne vart lansert under lunsjen på Fossheim, med næringskundar, landbrukskundar, store og små.

Banken ønskte å skape begeistring og stoltheit over alle dei fantastiske bedriftene som driv i Nord-Gudbrandsdalen, alle dei som verkeleg står på og som har trua der ingen andre ser moglegheiter. Denne gongen plukka banken ut 5 bedrifter, ei frå kvar kommune, Avdem på Lesja, Hubertus på Dovre, Gjendebåten i Vågå, Aktiv i Lom og Stryvo i Skjåk. Så «jælma» flotte historier som ligg bak desse. Det handlar om å skape noko saman, ha trua saman, heie på kvarandre, og unne kvarandre å lukkast. Banken ønskjer å skape stoltheit til regionen, sjå den utruleg flotte plassen vi bur på og vi ønskjer å knytte sterkare band. Slik kan vi samarbeide betre og lykkast betre saman. Vi har lansert vår eigen emneknagg #jælmaeageistra



Fem år på Dombås!



Vi var ikkje heilt ferdige med året før vi hadde ein like så viktig hending att, nemleg utdeling av Talentstipend 2017! Dette var historisk – banken si aller første utdeling av stipend til talentfull ungdom mellom 15 og 25 år, som bur i eller kjem frå ein av dei 5 kommunane våre. Vi fekk inn 40 søknader, like mange på idrett som på kultur. Vi heldt ein flott festkveld, der alle 40 var invitert. Den kvelden rett før jul vart vinnarane kåra i Vågå Kulturhus. Det var tapas frå Bokhandel'n Kafé, vi hadde konferansier, og adm. banksjef Unni og marknadsansvarleg Kristin delte ut stipend med tilhøyrande diplom til alle vinnarane! Vi hadde fantastisk underhaldning frå Thomas Bakke med tre talentfulle døtrer. Banken er glad for å vera i gang med dette viktige bidraget, der vi heiar fram ungdommen, der dei ser at det nyttar å følge draumen, dei skal bli sett, dei skal gjerast stas på! Dette gler vi oss til å halde fram med.

Rekneskapan

Framleis drift

Bankstyret stadfestar at alle føresetnadene for vidare drift er til stades, og årsrekneskapan er avlagd under desse føresetnadene. Slik styret ser det, er det etter årsslutt ikkje skjedd noko som krev fleire kommentarar.

Resultatrekneskapan

Resultatet etter tap og skatt vart i 2017 kr 88 220 756. For samanlikning med tidlegare år viser vi til tabellen på side 5. Prosenttal er utrekna av dagleg, gjennomsnittleg forvaltningskapital, dersom ikkje anna er kommentert.

Forslag til disponering av overskot

Styret i SpareBank1 Lom og Skjåk er svært nøgde med resultatet for 2017. Resultatet frå den underliggende drifta har vore god. Tap på utlån og garantiar osv. har betra seg betrakteleg dei siste åra, sjølv om det var ein tapsauke frå 2016 til 2017. Resultatet sikrar banken eit godt grunnlag for vidare vekst. Bankstyret understrekar

difor kor viktig det er å prestere gode resultat for å styrke soliditeten og halde på sjølvstendet til banken.

Styret gjer framlegg om slik disponering av overskotet til banken:
kr 450 000 til gåver
kr 87 770 756 overført til fondet i sparebanken.

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter er hovudbidraget til det totale dekningsbidraget i banken, og utgjorde 106,3 mill. kroner, ein oppgang frå 105,8 mill. kroner frå året før. Rentenetto utgjer 1,95 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital, tilsvarande førre år var 2,09 %. Den høge rentenettoen i 2016 var prega av at det vart inntektsført renter på to engasjement der inntektsføringa av renter tidlegare hadde vore stoppa. Når vi tek omsyn til dette, er rentenettoen om lag 0,07 prosentpoeng lågare enn i fjor. Ut frå konkurransesituasjonen er styret godt nøgd med rentenettoen.

Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester

Gebyr- og provisjonsinntekter vart på 36,2 mill. kroner, som utgjer 0,67 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital. I 2016 var tilsvarande tal 31,8 mill. kroner og 0,63 %. Banken hadde positiv utvikling i porteføljen av aksjar og obligasjonar og har bokført gevinstar med 8,6 mill. kroner. I 2016 hadde vi bokført gevinstar på kr 17,8 mill. kroner.

Driftskostnader

Dei samla driftskostnadane, inklusive ordinære avskrivingar, vart på 1,54 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital, i 2016 var driftskostnadene på 1,42 %. Dersom vi korrigerer for verknadene ved avviklinga av ytingsbasert pensjonsordning, ville driftskostnadene ha vore på 1,51 % i 2016. Innføringa av finansskatt i 2017 utgjorde 1,9 mill. kroner som tilsvarar 0,03 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Lønn og generelle administrasjonskostnader utgjer 1,27 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital, ein oppgang frå 1,13 % i 2016. Kostnadsnivået i banken er vurdert som tilfredsstillande. Styret meiner det er viktig å ha kostnadseffektiv drift av banken i fokus for å oppnå gode økonomiske resultat i framtida.

Balansen

Forvaltningskapitalen

Forvaltningskapitalen utgjer 5 582,0 mill. kroner, ein auke med 7,06 % sidan førre årsskifte. Dette må sjåast i samanheng med valutalån og overføringane til SpareBank 1 Boligkreditt. Ved utgangen av 2017 hadde overføringane til SpareBank 1 Boligkreditt auka frå førre årsskifte med 141,4 mill. kroner til 1 390,3 mill. kroner, og kundane våre hadde 158,6 mill. kroner i valutalån. Forvaltningskapitalen inkludert SpareBank 1 Boligkreditt og valutalån utgjer 7 130,8 mill. kroner, ein auke med 517,1 mill. kroner sidan 2016.

Utlån og garantiar

Utlån voks med 131,1 mill. kroner til 4 625,7 mill. kroner når vi ikkje tek omsyn til valutalån og overførte lån til SpareBank 1 Boligkreditt. Note 14d) viser fordeling mellom geografiske område. Brutto utlån auka med 2,92 % frå 2016 til 2017.

Ved utgangen av 2017 utgjer garantiar 190,8 mill. kroner. Note 14e) viser garantiar fordelt på næringer, og note 26 fordelt på garantitypar. Utlån og garantiar til næringslivet er på 40,3 % av totale utlån og garantiar. For 2016 var den 41,8 %. Den gjennomsnittlege utlånsrenta var 3,3 %, tilsvarande for 2016 var 3,6 %. Banken er medeigar i bustadkredittselskapet Sparebank 1 Boligkreditt AS (SB1BK). Selskapet vart etablert for å sikre eigarbankane tilgang til funding som er rimelegare enn den fundinga banken sjølv normalt kan oppnå, gjennom utferding av særskilt sikra obligasjonar med svært god rating. For å oppnå denne ratinga må bustadkredittselskapet dokumentere at alle lån oppfyller gjevne kvalitetskrav frå styresmaktene og kreditratingbyråa. Ved å overføre denne type lån mottar banken provisjonsinntekter frå selskapet.

Verdsetjing av utlån

Låne- og garantiporteføljen er gjennomgått og vurdert i samsvar med retningslinjene til Finanstilsynet.

Mislegald og tapsutsette engasjement
Talet på mislegaldne og tapsutsette engasjement syner ei positiv utvikling samanlikna med førre året. Individuell nedskriving kjem fram etter

at alle næringsengasjement over eit bestemt nivå har vorte grundig vurderte både i nåtid og den næraste framtid, og vurdering av dei sikringsobjekta banken har. I tillegg er personmarknads-kundar over eit definert nivå vurderte.

Vi har ført tap- og tapsavsetjingar i resultatrekneskapen med 4,4 mill. kroner. Individuelle tapsavsetjingar er på 12,8 mill. kroner, og gruppeavsetjingar er 18,1 mill. kroner. Samla blir dette 30,9 mill. kroner, og utgjer 0,67 % av brutto utlån. Tapsavsetjingar for garantiar er på 3,0 mill. kroner. Dette er ført under «anna gjeld» i rekneskapen.

Innskot

Innskot frå kundar utgjer 4 007,0 mill. kroner, som er ein auke på 222,5 mill. kroner siste året, eller 5,88 %. For 2016 var auken 11,35 %. Dei siste åra har det vore auke kvart år, men med svært varierende prosentdel. Bankene meiner å ha gode og fornuftige avtaler med dei største aktørane. Styret er klar over likviditetsrisikoen som ligg i store innskot.

Den gjennomsnittlege innskotsrenta var på 0,92 %, tilsvarende for 2016 var 0,99 %.

Verdipapir

Behaldninga av verdipapir utgjer til saman 339,4 mill. kroner. 125,7 mill. kroner er i renteberande papir. 28,7 mill. kroner er aksjefond og eigenkapitalbevis. Desse, saman med dei renteberande verdipapira, blir verdivurdert etter det lågaste av kjøpskurs og marknadsverdien.

Anleggsporteføljen er vurdert til 184,9 mill. kroner. Dette inkluderer strategiske investeringar i fellesføretak gjennom alliansesamarbeidet (sjå note 16 a), og eigardelar i tilknytt selskap og dotterselskap, (sjå note 16 b).

Bokført endring i verdipapira viser for 2017 ein positiv resultat effekt med 8,6 mill. kroner, sjå note 8.

Plasseringar i verdipapir ligg innanfor dei grensene styret har sett. Styret får kvartalsvis rapportar over verdipapirporteføljen der bokført verdi, marknadsverdi og renterisiko går fram.

Eigenkapital og kapitaldekning

Etter overføring til sparebankfondet utgjer eigenkapitalen nå 758,1 mill. kroner. Heile eigenkapitalen er frå opptente overskot og gjev ein eigenkapitalandel på 13,58 %, rekna ved utgangen av året, mot 12,86 % ved førre års-skiftet. Rein kjernekapital og kjernekapitaldekninga utgjer 19,61 %. Kapitaldekninga utgjer 20,85 %. Da er ansvarleg lånekapital på 50 mill. kroner inkludert.

Innskot målt mot utlån

Innskot målt mot utlån utgjer 86,63 % mot 84,20 % ved førre årsskiftet.

Funding elles

Banken har ein god finansiell situasjon. Behov for funding er dekt gjennom opptak av obligasjonslån. Forfallsstrukturen går fram av note 20. Bankaktiviteten med finansielle instrument er avgrensa til å gjelde eigne posisjonar. Den totale eksponeringa og vurdering av risiko blir jamleg gjennomgått.

Intern kontroll og risikostyring

Generelt

SpareBank1 Lom og Skjåk har eit mål om å halde samla risikoeksponering på eit moderat nivå. Samstundes er det viktig for banken å stimulere til aktivitet og nyetablering i sitt primærmarknadsområde. Styret har vedteke prinsipp for risikostyring gjennom instruksar, retningslinjer og internkontroll. Styret får løpande orientering om utviklinga gjennom periodiske rapporteringar.

Styret meiner at den operasjonelle og finansielle risikoen er under kontroll, og at banken blir styrt etter reglar som er gjevne i lov, føresegner og i interne retningslinjer.

Pilar II og CRD-IV

Hausten 2017 vurderte Finanstilsynet SpareBank 1 Lom og Skjåk sitt samla risikonivå og tilhøyrande kapitalbehov, som resulterte i eit fastsatt Pilar 2-krav på 2,5 %. Vedtaksbrevet er offentleggjort på Finanstilsynet si heimeside. Desse vurderingane dannar saman med krava i CRD-IV regelverket, grunnlag for kor mykje kapital banken må ha for å dekkje den samla risikoen den er eksponert for. Bankens berekning av kapitalbehov er tilpassa Finans-

tilsynet sin metodikk, og attendemeldingane frå Finanstilsynet blir nytta i kapitalplanlegginga til banken. Rein kjernekapitaldekning og kapitaldekning er monaleg betra gjennom 2017, og styret meiner at banken er godt kapitalisert.

I samsvar med føresegn om risikostyring og internkontroll føreteik banken årleg ein gjennomgang av vesentlege risikoar som dei respektive verksemdsområda i banken er eksponert for. Desse vurderingane dannar grunnlag for kor mykje kapital banken må ha for å dekkje den samla risikoen den er eksponert for. Finansiell informasjon, pilar III, blir offentleggjort på banken si heimeside.

Operasjonell risiko

Operasjonell risiko representerer både på stutt og lang sikt ein trussel som kan medføre ein vesentleg kostnad. Banken observerer ikkje noko teikn på at underliggjande eksponering er større enn utrekna under basismetoden. Basismetoden blir nytta også i eigenvurderinga til banken.

Kredittrisiko

Kredittrisiko er knytt til potensialet for tap på utlån eller garantiar til kundar, i tillegg til tap på plassering i verdipapir med mindre solide utferdarar. I tråd med føresegn frå Finanstilsynet og dei interne retningslinene gjennomgår banken regelmessig utlånsporteføljen med tanke på identifisering av moglege tapsutsette engasjement. Banken følgjer utviklinga i utlånsporteføljen tett med månadleg oppfølging av nøkkeltal, og følgjer med på at utviklinga av måltal relatert til utlånsporteføljen inngår som del av kvartalsvise risikorapportar til styret.

Porteføljane for privat- og bedriftsmarknaden har også gjennom 2017 vist ei positiv utvikling, der dei estimerte nivåa for forventa tap, uventa tap, sannsynlegheit for misleghald er redusert i begge porteføljane. Det er alltid ein viss risiko i utlånsporteføljen til banken. Vi har teke på oss ein auka risiko ved å vera med på utvikling av lokalt næringsliv, og ved at vi har store eigedomsengasjement utanom banken sitt primærmarknadsområde.

Tapa på utlån var i 2017 låge, og andelen av misleghaldne engasjement er lågare enn ved utgangen av førre året. Banken har intensivert arbeidet med å redusere misleghald, som har redusert delen av porteføljen som har vore

misleghalden eller nedskriven. Engasjementa i privat- og bedriftsmarknadsporteføljane i dei tre høgste risikogruppene er monaleg lågare enn ved utgangen av førre året. Med fokus på sunn vekst og tettare oppfølging av utsette engasjement budsjetterer banken med tap i 2018 på 0,14 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Styret meiner banken har god kontroll med engasjementa og vurderer den samla kreditt-risikoen uendra til moderat.

Valutarisiko

Banken er i liten grad direkte eksponert i valuta, men er indirekte eksponert gjennom å stille lånegarantiar for kundar med valutalån overfor SpareBank 1 SMN – primært i sveitsiske franc (CHF). Lånegarantiane er sikra med pant og inngår i den ordinære kredittvurderinga av låneengasjementet til banken. Styret meiner at evna valutakundane har til å svara for valutalåna er til stades, og at lånegarantiane framleis er tilfredsstillande dekt av pantesikringa som banken har etablert.

Rente-/kursrisiko

Styret reknar den totale renterisikoen for å vere låg. Behaldninga av omløpsaksjar og grunnfondsbevis er eksponert for kursrisiko, men styret vurderer at denne ut frå storleiken på behaldninga er av mindre omfang. Kursrisiko knytt til anleggsaksjar og strategiske investeringar er også til stades, men styret vurderer denne som låg. Situasjonen ved årsskiftet er at fleire av dei strategiske investeringane har ein meirverdi samanlikna med bokførte beløp.

Likviditetsrisiko

Likviditetsrisikoen er primært knytt opp til behovet for ekstern funding på grunn av auke i utlån. Overføring av bustadlån til SpareBank 1 Boligkreditt har redusert behovet for eigne lån i marknaden, og er dermed med på å redusere likviditetsrisikoen. Det er dagleg oppfølging og vurderingar av likviditeten. Målsetjinga om samansetjing av balanse og forfallsstruktur på obligasjonslån, saman med etablerte trekkrettar, gjer at styret framleis meiner å ha ein kontrollert og låg risiko.

Strategisk risiko

SpareBank 1 Lom og Skjåk merka konkurranse og auka press på rentemarginen. Samstundes har banken hatt ei betydeleg kundetilstrøyming

i 2017. Måten vi driv banken på, vår desentraliserte avgjerdsprosess og at vi er lett tilgjengelege for kundane, er gode konkurransefortrinn.

Tilsette

Personalet

Ved utgangen av 2017 har SpareBank 1 Lom og Skjåk 54 tilsette ved dei fire kontora. Dette utgjør til saman 53 årsverk. I tillegg har banken vaktmeister og reinhaldar i deltidstilling ved eigedomen til banken i Bismo. Vi har fått sju nye medarbeidarar i 2017. Dette er Tonje E. Løkken, kundesrådgjevar daglegbank, Helge Rune Byrøygard, kundesrådgjevar daglegbank, Sindre Vangen, BM-rådgjevar, Gunnar Grindstuen, BM-rådgjevar, Trond Bråthen, fagansvarleg forsikring, Terje Olstad, kredittstøttemedarbeider og Aslaug Lindsø, kundesrådgjevar daglegbank.

Banken har dyktige medarbeidarar som står på for arbeidsgjevaren sin. Mange av dei tilsette i banken har gjennomført teoretisk og praktisk prøve og fått tittelen autorisert finansiell rådgjevar eller vorte sertifisert innan godkjenningssordninga for skadeforsikring. Dette styrkar kompetansen til rådgjevarane og vil ytterlegare forsterke kvaliteten i dialogen med kundane. Styret set stor pris på innsatsen til dei tilsette i banken.

Likestilling

Dei tilsette i banken fordeler seg med 31 kvinnelege og 23 mannlege. Alle har like moglegheiter til utdanning, arbeid og fagleg utvikling.



Målsetjinga om at det ikkje skal vera lønsskilnad mellom kvinner og menn i banken for medarbeidarar i same type stilling, meiner vi er oppfylt. Det kan vere lønsskilnader mellom stillingar ut ifrå stillingsinnhald og krav til kvalifikasjonar. Leiargruppa i banken er samansett av fire menn og to kvinner. Styret er samansett av tre menn og tre kvinner. Sidan 2008 har fordelinga av kvinner og menn blant dei banktilsette endra seg frå tilnærma 50–50-fordeling til ei overvekt av kvinnelege med om lag 57 %

Arbeidsmiljø

Sjukefråværet i 2017 utgjorde 2,69 %, mot 6,96 % året før. Banken hadde framleis langtids-sjukmelde i 2017. Det har ikkje vore arbeidsuhell knytt til aktiviteten i 2017. Styret meiner at banken har eit arbeidsmiljø som er godt og positivt, til glede for den enkelte medarbeidar, kunde og bank.

Diskriminering

Diskriminering er det same som usakleg forskjellsbehandling, som vil vera i strid med arbeidsmiljølova. SpareBank 1 Lom og Skjåk skal arbeide målretta for å fremje likestilling og hindre diskriminering på grunn av kjønn, nedsett funksjonsevne, etnisk avstamming, hudfarge, språk, religion og livssyn.

Det er ei målsetting i Sparebank 1 Lom og Skjåk at etnisk tilhøyrse ikkje skal vere til hinder for å bli rekruttert. Korkje styret eller administrasjonen i SpareBank 1 Lom og Skjåk er kjent med tilhøve som kan oppfattast som diskriminerande.



Energi- og klimarekneskap 2016

Formålet med energi- og klimarekneskapen er å vise oversikta over klimagassutsleppet (GHG-utslepp) i organisasjonen som del av ein overordna klimastrategi. Ein klimarekneskap er eit viktig verktøy i arbeidet med å identifisere konkrete tiltak for å redusere energiforbruk og tilhøyrande GHG-utslepp. Denne årlege rapporten gjer organisasjonen i stand til å måle nøkkeltal og dermed evaluere seg sjølv over tid. Rapporten omfattar heile verksemda i SpareBank 1 Lom og Skjåk.

Informasjonen i ein klimarekneskap stammar frå både eksterne og interne kjelder, og blir omrekna til tonn CO₂-ekvivalentar. Analysen er basert på den internasjonale standarden «A Corporate Accounting and Reporting Standard», som er utvikla av «The Greenhouse Gas Protocol Initiative» – GHG-protokollen. Dette er den mest brukte metoden verda over for å måle

utslepp av klimagassar. ISO standard 14064-I er basert på denne.

Sparebank 1 Lom og Skjåk hadde i 2017 eit totalt klimagassutslepp på 38 tonn CO₂-ekvivalentar (tCO₂e). Dette er ein reduksjon på 8 tCO₂e, tilsvarande 17 %, samanlikna med 2016. Klimagassutsleppa fordeler seg i 2017 med 3,2 tCO₂e, 8 %, til Scope 1, 25,3 tCO₂e, 66 %, til Scope 2 og 9,7 tCO₂e, 25 %, til Scope 3. Det har vore ein reduksjon i alle tre scopa frå 2016 til 2017.

Energiforbruk pr. areal har auka med 4,2 %, og både utslepp per årsverk og per mill. NOK omsetjing er redusert frå 2016 til 2017.

Scope 1

